



Jan Kåre Rolland  
Rødlandshaugen 31  
5286 HAUS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 22/1415 - 23/22089

Saksbehandlar:  
Martin Ivar Henden  
Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:  
16.10.2023

## Svar på søknad om tilskott til bygging av Rollandsvegen 3.

### Administrativt vedtak:

Saknr: 302/23

#### Vedtak

**«Osterøy kommune melder inn søknad om tilskott til Rollandsveg 3 for 2024. Dersom kommunen får tildelt tilskotsmidlar til skogsvegar i 2024 løyver Osterøy kommune inntil kr. 555 500,- i tilskott til vegen etter ein godkjend kostnad på kr.925 000,-.**

**Tilskotsandelen av vegen er 500 meter fram til pel. 500. Det kan her lagast ein snu hammar som synt i vegprofil i søknaden ved enden av den om søkte vegen.**

#### Saksopplysningar.

Det er den 13.05.2022. søkt om tilskott på kr. 843 600,- til bygging av Rollandsvegen 3. Vegen har ei lengde på 760 meter og er søkt om som ein klasse 4 skogsbilveg. Osterøy kommune svarte i brev 15.06.22. til søkjar at vegen ikkje sto på prioriteringslista over skogsvegar med tilskot i 2022 og søknaden kunne såleis ikkje handsamast grunna manglande tilskotsmidlar.

Vegen var for 2022 meldt inn der kommunen søkte om tilskott til skogsbilvegar for 2023. Av tildelingsbrev frå Statsforvaltaren i Vestland går det fram at Osterøy kommune ikkje er prioritert for tilskotsmidlar til skogsbilvegar i 2023.

Då motteken søknad tilfredstiller krava med byggjeplan av vegen vil Osterøy kommune handsame søknad om tilskott slik den føreligg sjølv om vi ikkje har tilskotsmidlar til vegen dette året. Osterøy kommune vil på ny melde inn vegen med 1. prioritet for 2024.

## Saksutgreiing:

Om søkt veg er ein del av godkjenninga etter landbruksveg føreskrifta i vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval sak 116/15 i 2015. (14/3336 – dok.10).

Vegen vil løyse ut skogteigar på gnr./bnr. 48/2 og 48/5. Det er planlagt å avslutte vegen med ein snuplass ved eigedomsgrensa mellom gnr./bnr. 48/5 og 48/4

Fig. 1 viser om søkt veg.




fig. 1.

Fig. 2 syner kommunen si vurdering av dekningsområde for vegen.




fig. 2.

Alder på skogen, m<sup>3</sup> ståande virke, og vegen sit dekningsområde er ikkje oppgitt i søknaden. Kommunen vurdere det slik at største delen av volumet er i eller nærmar seg hogstklasse 5.

Størst volum i m<sup>3</sup> skog som vegen gjev tilkomst er fram til pel 500. Dei siste 260 meter av om søkt veg er meir spreidde førekomstar med gran. Store delar av plantefeltet i sør som synt på kart på 48/5 og 48/4 er hogd ut med tilkomst frå Rollandsvegen 2 og 1.


Dekningsområdet for om søkt veg vurderer kommunen til å vere ca. 1700 daa.

## Kommunen si vurdering.

Osterøy kommune har i dag ikkje tilskotsmidlar til vegen og kan av denne grunn ikkje løyve tilskott til den. Ein gjer likevel eit vedtak i saka som forutset at kommunen får tilskotsmidlar til landbruksvegar for 2024. Osterøy kommune vurdera søknaden slik at vegen blir støtta med 60 % tilskott fram til pel 500. Det kan her lagast ein snu hammar. Kommunen grunngjев vedtaket med at volum hogstmogen skog på strekninga frå pel 500 til pel 760 er låg. Dersom vegen skal byggast vidare vil ei lågare vegklasse kunne dekke behovet for tilkomst til dette arealet.

**Vedtak om tilskot byggjer på dette kostnadsgrunnlaget:**

Omsøkt kostnadsoverslag for veganlegget (760 meter, kr 1850,- pr. m.)	1 406 000
Godkjend tilskotsgrunnlag for veganlegget (500 meter x kr.1850,- pr. m.)	925 000
Skogandel- % av kostnadsoverslag	100 %
Tilskott av godkjend kostnadsoverslag. (kr. 925 000,- x 60%)	555 000
Tilskot som forutset at Osterøy kommune får tilskottsmidal for 2024	555 000



**Tilsagn om tilskott er gitt med henvisning til:**

- Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, fastsett av Landbruksdepartementet 04.02.2004 med hjemmel i skogbrukslova, sist endra 04.10.2017.
- Normaler for landbruksvegar med byggebeskrivelse, gjeldende fra 1. juni 2013, seinast med endring august 2016.

- Retningslinjer for søknader om tilskott til bygging av skogsvegar i Osterøy kommune, med hjemmel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

- Naturmangfaldslova, fastsett av Klima og miljødepartementet 19.06.2009.

Lover og forskrifter er tilgjengeleg på nettstaden [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no). Veiledning, vegnormalar mv. for planlegging og gjennomføring av skogsveibygging finnes på nettstaden [www.skogsvei.no](http://www.skogsvei.no), på Landbruksdirektoratets heimeside [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

### **Endringar.**

Dersom det er behov for endringar i forutsetningane eller vilkår for skogsvegen underveis i byggjeperioden må dei rettes til kommunen før endringane blir iverksett.

### **Utbetaling**

Ved søknad om utbetaling av tilskot skal det sendast anmodning til kommunen på skjema LDIR-904 Rekneskap samandrag for skogsveganlegg med tilhøyrande billag og dokumentasjon for utførte arbeid, jf. også vegleiing på side 2 på skjemaet.

-Inntil 90 % av innvilga tilskot kan utbetalast som delutbetaling for utførte arbeider med veganleggget er ferdig godkjent.

-Sluttutbetaling skjer når veganleggget er ferdig godkjent av kommunen, rekneskap er revidert av kommunen og resultatkontroll for bygging av skogsveier på skjema SLF-913 føreligg.

### **Vilkår.**

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løye og tilskot til.

- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.

- Kommunen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betale leige.

- Skogareal som vert hogd skal tilfredsstille foryngast, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.

- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjend av kommunen før tilskot vert utbetal.

- Vegen skal godkjennast før grusing.

## **Utbetaling.**

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 01.11 -2026.
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag. Motteken faktura ved utbetaling av tilskott skal det gå fram kva postar som fakturaen inneheld.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram.
- Siste10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganleggget er ferdiggodkjend.
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på føreskriven vis.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
Einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Martin Ivar Henden  
fagkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

## **Klage.**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grungjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

## **Vedlegg:**

kart Rollandsvegen 3.

## **Mottakar:**

Jan Kåre Rolland

Rødlandshaugen  
31

HAUS

